

# Vik Næringssamskipnad

Jorunn Åsfrid Røyrvik (Blix hotell, styremedlem Visit Sognefjord)




# Kvardagsutfordringar i Fjordvegen-regionen

# «Ny vurdering onsdag kl 14.00»






# Nærings-livet i Vik



**Highsoft:** Leiarane Torstein Hønsi og Grethe Hjetland og medarbeidarane i gründereventyret i vesle Vik i Sogn og Fjordane. Bedrifta Highsoft sel programvarer for presentasjon til IT-sektoren over heile verda, og er ein viktig og framtidsretta arbeidsplass i kommunen. Foto: Falkeblikk.no

## Der ingen skulle tru at nokon kunne skape

**Highsoft, Delitek og Os ID** er truleg ukjende namn for mange. Dei som kjenner dei veit at det handlar om solide verksemder med kundar over nær sagt heile verda. Kjennarane veit i tillegg at dette er bedrifter som held til der nær sagt ingen skulle tru at nokon kunne skape noko så stort og lønnsamt.

**Dette er kronikken** eg trudde eg aldri kom til å skrive. Eg, som har vakse opp med eit urbant og teknologisk blikk på det meste. Som leiar i Innovasjon Noreg i snart to og eit halvt år, har eg fått lov til å møte ukjende skaparar og bedrifter i heile landet. Og eg har lært. At skaparkrafta ikkje berre finst i dei store byane. At distrikta handlar om så mykje meir enn «der ingen skulle tru at nokon kunne bu», eller massiv subsidiering av det som ikkje

**Eg kunne legge fram** ei lang liste med flotte døme på skaparar, store bedrifter, høgteknologiske bønder, innovative fiskarar og oppdrettarar som verkeleg får det til. Eit aktuelt namn er Kraftkar, osten frå Tingvoll på Nord-Møre som nyleg blei kåra til verdas beste ost i konkurranse med Manchego og Stilton.

**I distrikta** er primærnæringane – jordbruk, fiskeri og havbruk – saman med reiselivet viktige og berande næringar. Utviklinga i desse næringane har dei siste åra vore formidabel. I følgje det tekniske berekningsutvalet har jordbruket dei siste ti åra hatt ein gjennomsnittleg vekst i brutto arbeidsproduktivitet på 4,1 prosent i året, medan den tilsvarande gjennomsnittlege veksten for Fastlands-Noreg er 1,0 prosent. Investeringar, rekruttering og utviklinga i desse næringane er

**Samstundes har nokre** av oss, meg sjølv inkludert, lett for å gløyme at distrikta også byr på store produksjons- og høgteknologibedrifter med betydelege internasjonale posisjonar og marknader. Når eg i innleiinga nemner Highsoft, Delitek og Os ID, er det for å minne oss om at vi finn grunnfjellet og omstillingspotensialet i norsk industri og næringsliv i det vi kallar distrikta. Gründerbedrifta Highsoft frå Vik i Sogn har sidan 2006 utvikla programvare for formidling og presentasjon av data som blir selt over heile verda. Delitek AS har med base ytst i Alsvåg i Vesterålen tatt ein verdsleiande posisjon for system for handsaming av avfall på skip. Og Os ID i Os i Østerdalen har 50 tilsette som utviklar, produserer og marknadsfører digital øyremerking for husdyr i heile 19 ulike internasjonale marknader.

**Etter 25 år** med økonomisk vekst utan sidestykke, er eit oljedrive norsk næringsliv no i omstilling. Både nasjonalt og regionalt står vi framfor betydelege utfordringar. Difor er utviklinga av eit konkurransedyktig og verdiskapande næringsliv over heile landet fortsatt eit av dei prioriterte oppdraga til Innovasjon Noreg.

**Vi er med** på å byggje tusenvis av prosjekt og bedrifter over heile landet kvar dag. I ei bygd i Nord-Trøndelag der det bur 2000 menneske låner vi bort 55 millionar kroner til eit oppstartsprosjekt, ein ny fabrikk for flytande biogass. Nokre vil kalle det galskap. Men vi treng fleire som tør satse slik Biokraft i Skogn gjer. Prosjektet er ambisiøst, nyskapande og med potensial for å vekse globalt. Dei bidreg til å posisjonere Noreg globalt i den globale marknaden. For å skape ny særstilling må vi samarbeide i by og bygd i konkurransen om dei internasjonale turistane, verksemdene, investeringane og talenta. Draumecruiset med Hurtigruta langs kysten av Noreg eller seglinga inn fjordane på Vestlandet - som er kåra til eit av verdas beste reisemål – blir ikkje det same utan levande lokalsamfunn og næringsliv.

**Vi må utvide** forteljinga om Noreg. Vi må fortelje meir om bedriftene våre, evna til å innovere og kompetansen på teknologi som vi har. Til dømes historia om Brødrene Aa inst i Nordfjord , Bertel og Olav. I 1947 starta selskapet som i dag lagar nokre av verdas mest miljøvennlege og innovative hurtigbåtar med skrog i karbonkompositt. Vi treng dei og verda treng løysingane deira. Difor dristar eg meg

# Næringslivet i Vik

52 medlemmar i Næringssamskipnaden

Allsidig

Nasjonalt og internasjonalt marked

# Vikafjellet bindeledd Vestland



# Rv 13 Fjordvegen Reiselivet

